



Gloppen kommune

Møteprotokoll

Utval	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad	Videokonferanserommet i 2. etg.
Dato	18.05.2026
Tid	Kl. 13:00 - 15:30

Følgjande medleamar møtte

Elfrid Rauset Håheim
Jenny S. Hysing
Tone-Kristin Morken

Frå**Forfall/møtte ikkje**

Anne-Pia Nygård
Jan Ove Rygg (p)

Frå

H

Følgjande varamedlem møtte

Karoline Aldis Bjerkeset

Frå

SP

Underskrifter

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
008/26	Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste
009/26	Referat og orienteringssaker
010/26	Prosjekt Bu- og omsorgstilbødet - rigga for framtida - orientering om status

008/26: Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste

Utvalsleiar si tilråding:

1. Rådet godkjenner møteboka frå sitt møte den 2. mars 2026
2. Rådet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 18. mai 2026

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 18.05.2026:

Behandling

RAD- 008/26 Vedtak

1. Rådet godkjenner møteboka frå sitt møte den 2. mars 2026
2. Rådet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 18. mai 2026

Samrøystes

009/26: Referat og orienteringssaker

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 18.05.2026:

Behandling

1. Oppvekstplanen blir ikkje klar til saklistafor neste møte skal ut, men blir ettersendt så snart den er klar.

2. Rådet ønsker å jobbe for ein parallell til UngJobb for unge med nedsett funksjonsevne. Det vil vere fint for dei også å få prøve seg litt i jobb før dei skal velje VGS.

3d Om tilrettelegging for menneske med ulike funksjonsnedsettingar på Nordfjordløpet 11.-12. september:

Det skal vere eit langt løp på laurdagen, og eit kort for barn fredagen med kveldsmat i Trivselsskogen. Om vi skal få til ei tilrettelagt klasse/mosjonistklasse, bør det vere laurdag og dei bør kome inn til mål mens det er landsbylaurdag. Om vi skal få det til, må vi finne nokon til å arrangere. Gloppetrimmen, Dagfinn Nyhammar? Gloppen helselag v/Atle Søreide? Sekretæren kan sjekke med desse om det er aktuelt.

4. Kristine Eide Ryssdal og Anita Eide Lothe kan kanskje bidra på samling for interessegruppe om "*Bu og omsorgstilbodet - rigga for framtida*".

7. Else Marie Fjeld har kontakta kommunen ang. hallkapasitet i veke 31, for aktivitetar for 50-150 deltakere med ulik funksjon frå Norge og andre nordiske land. Vi tilbyr dei gratis hall, for vi ønsker å teste ut hallen til brukargruppa, og fordi vi gjerne vil ha med lokale deltakarar på opne aktivitetsdager som er ein del av opplegget. Vi kan lære mykje av å ha eit sånt arrangement i hallen vår.

Ordet fritt:

Det blir jobba for at ASK (alternativ og supplerende kommunikasjon) skal definerast som språk. Ein oversettingsfeil i CRPD frå norsk til engelsk har ført til problem med dette. Jenny deltek i eit internasjonalt nettverk for ASK, og dei jobber med dette.

Elfrid orienterte om "Livsmesse" i Ålesund 15. oktober. Ho tenkjer å reise, og det er fint om fleire i rådet vil vere med. Det går utan overnatting. "Livsmessa" har skapt mykje ringverknader i Ålesund. Aktørane har blitt flinkare til å samarbeide og utnytte ordningar betre.

RAD- 009/26 Vedtak

2. Rådet ønsker å jobbe for ein parallell til UngJobb for unge med nedsett funksjonsevne. Vi tar det opp igjen i samband med budsjettet.

3d. Rådet ønsker å finne nokon som kan hjelpe med å arrangere mosjonsklasse på Nordfjordløpet, med fokus på at alle kan delta. Sekretæren tar kontakt med Gloppetrimmen og Helselaget og høyrer om dei kan bidra.

4. Rådet ønsker å inviterer til ei samling om *"Bu og omsorgstilbodet - rigga for framtida"*, med spesielt fokus på miljøarbeidertenesta. Samlinga bør vere etter haustferien.

010/26: Prosjekt Bu- og omsorgstilbodet - rigga for framtida - orientering om status

Kommunedirektøren si tilråding

Helse- og oppvekstutvalet tek saka til orientering.

Helse- og oppvekstutvalet 15.04.2026:

Behandling

Sakshandsamar/Prosjektleiar Anita Lothe orienterte om prosjektet. Saka vart drøfta.

HEOP- 016/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet tek saka til orientering. Vedtak samrøystes.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 18.05.2026:

Behandling

RAD- 010/26 Vedtak

Rådet tar saka til orientering.